

Innkalling

REGIONRÅDET FOR HAUGALANDET **06/23**

DATO: mandag 6. november 2023

TID: 10.00 – 14.30

STED: Hemingstad kultursenter, Spannavegen 135, Haugesund

Forfall frå faste medlemmer må meldast til Auestad@h-vekst.no. Fint dersom stortingsrepresentantar som kjem melder det same.

Sidan dette er eit møte med mange nye medlemmer vil det bli ein presentasjonsrunde før møtet startar formelt. Alle medlemmene blir bedt om å orientera om rolla si og kort om relevant bakgrunn.

SAKSLISTE

Saks ID	Tema
Sak 32/23	<p>a) Val av møteleiar</p> <p>Innstilling er at Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim er møteleiar. Ho er den ordføraren som sit att i AU i førre regionråd.</p> <p>b) Godkjenning av innkalling og saksliste</p> <p>.</p>
Sak 33/23	<p>Vedtaks sak: Godkjenning referat frå møte i regionrådet 21. september 23</p> <p>Referatet er sendt postmottak i alle kommunane, samt til rådets medlemmer. Referatet er vedlagt innkallinga som vedlegg 1.</p> <p>Innstilling: <i>Referatet frå 21. september blir godkjent</i></p>
Sak 34/23	<p>Orienteringssak: Informasjon om arbeidet i Haugalandsrådet IPR og Haugaland vekst IKS</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Presentasjon av Haugalandsrådet IPR kontra Haugaland vekst, samt samarbeid med naboregionråd, ved Sigmund Lier 2) "Kva har eg erfart i perioden, og kva er det viktig at de nye følgjer opp?" To avgåande ordførarar, Linn Therese Erve og Arne Christian Mohn kjem med sine betraktningar på desse to spørsmåla. 3) Presentasjon av Haugaland vekst med arbeidsoppgåvene i selskapet, ved Sigmund Lier. 4) Flyplassleiinga, styreleiar Martin Laurhammer og/eller Lufthavnsjef Tore Lillenes kjem for å orientera om status og om kva kommunane har gjort tidlegare. 5) Status i saker det er arbeidd med: <ul style="list-style-type: none"> - Grøn industri og havvind med vekt på lokale prosjekt, .

	<ul style="list-style-type: none"> - Orientering om status i arbeidet med NTP, og dei viktigaste samferdsleprosjekta i regionen - Statlege arbeidsplassar, nasjonalt senter for yrkesutdanning
<p>Sak 35/23</p> <p>Start etter lunsj, ca. 12.15</p> <p>Lunsj 11.30</p>	<p>Orienteringssak: Regionrådet, dei ulike ordførarane og dei sentrale myndigheitene</p> <p>Dei lokale stortingsrepresentantane er invitert. Det travle tida for dei, men pr. dato har Lisa Marie Ness Klungland, Tove Elise Madland, Terje Halleland (med eit lite atterhald) varsla at dei tek sikte på å vera med.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Dei stortingsrepresentantane som er til stades presenterer seg og seier litt om sitt arbeid 2) Representantane er på førehand utfordra på desse spørsmåla: <ul style="list-style-type: none"> - Korleis bør kommunane arbeida for sine viktige saker opp i mot Storting og regjering? - Kva er, etter di meining dei viktigaste sakene som ordførar og kommunedirektørar bør vera observant på i tida som kjem?
<p>Sak 36/23</p>	<p>Vedtakssak: Høyring om «Arm til Bergen» på E-134</p> <p>Det blei vedteke på førre regionrådsmøte at Regionrådet skulle gje uttale på denne. AU foreslår uttalen som ligg i vedlegg 2.</p> <p>Innstilling: <i>Regionrådet vedtek høyringsuttalen og ber administrasjonen senda han inn til Statens vegvesen</i></p>
<p>Sak 37/23</p>	<p>Haugalandsrådet IPR, planar framover</p> <ol style="list-style-type: none"> a) Planar framover: <p>Dagleg leiar vil orientera om planane vidare, og ber alle representantane sjekka at datoane som var sett i førre møte passar, samt innspel til innhald i felles formannskapsmøte.</p> <p>Vedtaket i førre møte var:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Møta i Haugalandsrådet IPR blir planlagt desse datoane: 9. februar, 26. april, 7. juni, 13. september, 25. oktober og 6. desember. Dersom det blir fellesmøte med Sunnhordaland kan og 6. juni og 5. desember og bli møtedato.</i> 2. <i>Det blir invitert til felles samling for formannskapa torsdag 22. februar.</i> 3. <i>Administrasjonen blir bedt om å leggja inn ei felles ordførarsamling i Oslo i mars. Eit møte med Stortingsbenken må vera avtalt før endeleg dato blir sett. (Aktuelle datoar er p.t, tys/ons 19-20. mars, evt. 12.-13. mars)</i> 4. b) Prosessen for å velja rådsleiar, nestleiar og arbeidsutval. <ul style="list-style-type: none"> - Dato for representantskapsmøte, dette kan vera på teams, men bør vera etter at siste kommune har vedteke samarbeidsavtalen. Pr. no ser det ut til å vera Karmøy 20. 11. Rep-skap bør då vera i løpet av den veka (21.-23.11, framlegg 23.11 kl. 08.00-09.00?)
	<p>Ymse.</p> <p>Her ber ein om at saker som ein vil ta opp blir meldt inn ved starten av møtet</p>

VEDLEGG 1: REFERAT REGIONRÅD 21. SEPTEMBER

REGIONRÅDET FOR HAUGALANDET **05/23**

DATO: torsdag 21. september 2023

TID: 12.00

STED: Hotell Maritim, Haugesund

TIL STADES:

Karmøy kommune:	Jarle Nilsen og Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Arne-Christian Mohn og Ole Bernt Torbjørnsen
Tysvær kommune:	Sigmund Lier og Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Tove Grimsby og May Britt Jensen
Bokn kommune:	Osmund Våga og Ingeborg Skjøllingstad
Sveio kommune:	Linn Therese Erve og Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal og Yngve Folven Bergersen
Suldal kommune:	Gerd Helen Bø
Sauda kommune:	Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim og Filippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune:	Gunn Claire Westad
Administrasjon	Inger Kallevik Haavik, Øyvind Valen, Tora Eide
Storingsrepresentantar	Lisa Marie Ness Klungland

Sak 24/23 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Karmøy melder ei sak til ymse: Høyring E 134 og arm til Bergen

Vedtak: *Innkalling og saksliste blir godkjent.*

Sak 25/23 Godkjenning av referat frå [regionrådsmøte 8. juni](#) og felles [regionråd med Sunnhordaland 9. juni](#).

- Vedtak:** 1. *Referatet frå regionrådsmøtet 8. juni blir godkjent.*
2. *Referatet frå felles regionrådsmøte 9. juni blir godkjent*

Sak 26/23 Referatsak: Kompetansebehovet i havvind

[Rapporten](#) var linka til i innkallinga. Inger Kallevik Håvik orienterte.

Rapporten blei teke til vitande

Sak 27/23 Drøftingsak: Vegkartet for Haugalandet – status i arbeidet.

Det var lagt fram ein førebels rapport i [innkallinga](#). Inger Kallevik Haavik orienterte. Dette var ikkje vedtakssak, og endeleg framlegg til ny handlingsplan kjem i innkallinga til desembermøtet.

Sak 28/23 Vedtakssak: Opprette et lokalt partnerskap for havvind

Tora Eide orienterte. I presentasjonen la ho fram litt om bakteppet for forslaget, samt fire handlingspunkt som administrasjonen foreslo skulle arbeidast med. Presentasjonen ho hadde ligg [her](#). I møtet blei det lagt fram ei ny innstilling frå administrasjonen. Denne var slik:

Innstilling: *Regionrådet ser positivt på å opprette et regionalt partnerskap, der det offentlige og næringslivet sammen løfter den regionale havvindsatsingen.*

Etter pause og samtalar la rådsleiar Arne-Christian Mohn fram eit nytt forslag som blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Regionrådet tar initiativ til å opprette regionalt partnerskap, der det offentlige og næringslivet sammen løfter den regionale havvindsatsingen, og fortsetter arbeidet med å knytte relasjoner internasjonalt.*
2. *Regionrådet blir fortløpende orientert.*

Sak 29/23 Datoar for møter i 2024

Det var sendt ut eit framlegg og saksutgreiing i [innkallinga](#). Datoen for felles informasjonsmøte for formanskapa blei endra i møtet.

Vedtak samrøystes:

2. *Møta i Haugalandsrådet IPR blir planlagt desse datoane: 9. februar, 26. april, 7. juni, 13. september, 25. oktober og 6. desember. Dersom det blir fellesmøte med Sunnhordaland kan og 6. juni og 5. desember og bli møtedato. Rådet ber om at kommunane tilpassar dette til den politiske møtekalenderen i sin kommune.*
3. *Det blir invitert til felles samling for formanskapa torsdag 22. februar . Rådet ber om at dette blir lagt inn i oversikta for kvar kommune.*
5. *Administrasjonen blir bedt om å leggja inn ei felles ordførarsamling i Oslo i mars. Eit møte med Stortingbenken må vera avtalt før endeleg dato blir sett.*

Sak 30/23 Orienteringssak: Nytt frå Haugaland Vekst

Inger Kallevik orienterte:

- To nye tilsette blei presentert; Ingvild Haugen og Gunn Evy Auestad.
- Sigmund Lier startar som ny leiar 23. oktober.
- Det er no tilsettingsarbeid for ny fagansvarleg i HSA
- Det blei vist oversikt over mange arrangement i omdømme- og rekrutteringsarbeidet:
 - Samlingar i Trondheim, Bergen, Stavanger, Ås og Haugesund
 - Mingel , kveldsarrangement i Haugesund kvar månad.
 - Sildikon Valley arrangert med 60 deltakarar, 12 selskap er allereie påmeldt til 2024.
- Yrkesmesse 26.- 27. september

- Grønt industriløft Haugalandet, i gang med å setja ned ei arbeidsgruppe. Det blir og laga ein prosjektoppgåve om dette prosjektet (HVL)

Sak 31/23 • **Ymse**

- Veikonferansen i Aksdal, datoen er sett til 8. februar, og komiteen er i gong med planlegginga.
- Høyring om E 134 og arm til Bergen. Saka blei reist av Jarle Nilsen. Karmøy kommune ønsker at det blir laga ei høyring frå Haugaland vekst.
- Neste møte i Regionrådet blir flytta frå 3. november til 6. november.

0.1. Vedlegg 2: Høyringsuttale «Arm til Bergen på E-134» Høyring om arm til Bergen på E 134.

Regionrådet vedtok i møte 21. september at rådet ville ha ei sak kor dei gav høyringssvar på konseptvalutgreiinga «Arm til Bergen».

Kva saka gjeld:

Statens vegvesen fekk i 2021 i oppdrag å greie ut arm frå dagens E-134 til Bergen. Hovudrapporten for prosjektet [finn du her](#).

Målet med arbeidet var:


1. Vegprosjekt "E134 – arm til Bergen" skal gje eit meir effektivt vegsamband mellom Bergensområdet og Austlandet via E134.
2. Reduserte transportkostnader, det vil seia redusert reisetid og redusert reisekostnad mellom Bergen og Jøsandal.
3. Generelle samfunns mål:
 - a. Klima: Minimalisering av utslepp av klimagassar.
 - b. Framkomst: Risiko for stenging av veg skal reduserast.
 - c. Trafikktryggleik: Reduksjon i talet på drepne og hardt skadde.
 - d. Regional utvikling: Det skal leggast til rette for betra næringsutvikling gjennom betra forhold for pendling og busetnad, tettstadutvikling og reiseliv.



I rapporten er det utgreidd 6 alternativ:

- Konsept 1.: Jøsandal – Odda – Jondal – påkopling E16 ved Trengereid
- Konsept 2.: Som konsept 1 til Jondal. Vidare til Eikelandsosen og påkopling til ny E39 i Os (Endelausmarka).
- Konsept 3.: Direkte frå Jøsandal til Ænes. Over Varaldsøy til Eikelandsosen og påkopling til ny E39 i Os (Endelausmarka).

- Konsept 4 4a.: Dagens E134 Jøsandal til Markus, Kryssing av Åkra fjorden, veg til Sunde og bru til E39 på Tysnes via Huglo (Forutset Hordfast bygd).
4b.: Variant av 4a der brukryssinga er lagt litt lenger vest ved dagens ferjestrekning ved Skånevik. (Forutset Hordfast bygd).
- Konsept 5.: Dagens E134 frå Jøsandal til Ølensvåg. Veg til Årvik, bru over Ålfjorden og koplars seg til E39 nord i Sveio. (Forutset Hordfast bygd).
- Konsept 6.: Konseptet følger konsept 1 frå Jøsandal til Mauranger. Deretter følger det Maurangerfjorden ut til



Ænes der ein kryssar Hardangerfjorden i same trasé som konsept 3. Frå Varaldsøy går konseptet vestover via Gjermundshamn, over Lukksundet og til kryss med framtidig E39 ved Uskedal på Tysnes. (Forutset Hordfast er bygd). **(Dette konseptet er i prosessen vurdert som så dyrt, i forhold til måloppnåing, at det ikkje er teke med i endeleg vurdering)**

Konsepta er gjennomarbeidd for å få greie på kostnadsbilette til kvart konsept, samt få ei vurdering av reisetidsinnsparring. Samla oversikt får ein i denne tabellen.

Tabell 3: Oversikt over avstandar, reisetider og kostnad for dei ulike konsept

	Bergen–Jøsandal		Bergen–Jøsandal		Kostnad (mrd. kr.)
	Avstand (km)	Reduksjon (km)	Reisetid ¹⁾ (minutt)	Reduksjon (minutt)	
0-konseptet	149	0	187	0	0
Konsept 1	122	27	101	86	42,3
Konsept 2	122	27	91	96	46,8
Konsept 3	106	43	79	108	56,1
Konsept 4a	132	17	91	96	35,2
Konsept 4b	150	-1	108	79	28,8
Konsept 5	186	-37	141	46	9,9
Konsept 6	145	4	103	84	50,5

1) Køyretid er berekna for personbil. For tungbil er køyretida ca. 10 % høgare på vanleg veg. På motorveg eller i stor stigning ca. 20% høgare

Lrapporten frå side 71-88 er det gjort ei grundig gjennomgang av ulike moment som tel med i endeleg vurdering av alternativ. Under er konklusjon klypt inn:

Samanstillinga syner at:

- Konsept 1 har relativt god måloppnåing. Konseptet er kostbart ved full utbygging, men ein kan oppnå store delar av nytteeffekten ved trinnvis utbygging. Med Trinn B (med bru over Hardangerfjorden) oppnår ein heile 86 % av total nytte med under halve investeringa. Konseptet kjem bra ut på konfliktar med ikkje-prissette verdjar. Byggetrinna gjev mykje gjenbruk av eksisterande veg, som igjen reduserer konfliktar med ikkje-prissette verdjar.

- Konsept 2 har litt betre måloppnåing enn konsept 1. Konseptet kostar om lag det same som konsept 1 ved full utbygging, men er dårlegare på trinnvis utbygging og vesentleg dårlegare på ikkje-prissette konsekvensar for stort sett heile strekninga frå Hardangerfjorden til Os.

- Konsept 3 har best måloppnåing. Konseptet er dyrast, ligg ikkje til rette for trinnvis utbygging og er dårlegast på konfliktar med ikkje-prissette verdjar.

- Konsept 4a og 4b har lågare investeringskostnad enn konsept 1 og 2. Litt av årsaka til det er at ein har funne dagens E134 god nok på strekninga opp til Jøsendal, sjølv om den ikkje har full vegnormalstandard etter dagens krav. Det er såleis ikkje lagt inn ekstra investeringar på utbetring

her. Begge konsept 4a og 4b har høg nytteverdi, m.a. på grunn av samanknyttinga av Kvinnherad med Stord, men føreset at Hordfast er bygd. Konsept 4a og 4b er relativt likeverdige på NNB. Frå Sunde til Hodnaneset er det store utfordringar med ikkje-prissette verdjar.

- Konsept 5 skil seg frå dei andre med låg kostnad, men måloppnåinga og nytten av prosjektet er dårleg i høve til alle dei andre konsept 4a og 4b. Det er ikkje lagt inn utbetring på dagens E134 sjølv om strekninga Bakka-Solheim har dårleg standard. Det er relativt lite konfliktar med ikkje-prissette verdjar. Konseptet føreset at Hordfast er bygd for at det skal vere aktuelt.

Tilråding av konsept Etter ei samla vurdering tilrår vi bygging av konsept 1. Konseptet har gode moglegheiter for etappevis utbygging. Berekningane i kap. 10.2.1. viser at det er mogleg å oppnå store delar av den totale nytten gjennom utbygging i byggetrinn. Dersom det ikkje kjem nye krav til t.d. tunnelar, meiner vi at ein gjennom byggetrinn kan finne ei løysing som vil vere god nok i planleggingshorisonten for denne KVUen (40 år).

Vurdering:

For dei fleste kommunane i vår region vil vegen til Bergen i framtida gå via Hordfast, sjølv om både arm til Bergen og Hordfast er bygd. Innbyggarane i indre del vil kunne velja konsept 4a og 4b som vil gå gjennom Sunnhordaland, men dette vil sannsynlegvis fyrst vera aktuelt dersom det blir bygd bruer på dei to alternativa. Slik sett er det kanskje ikkje naturleg for regionrådet å meina noko om sjølve konseptvalet. Ved det foreslegne alternativet vil opprusting av vegen i Oddadalen kunne betra sambandet mellom dei indre kommunane våre og Ullensvang.

Ein arm til Bergen frå E-134 vil føra til at meir av trafikken frå Bergensområdet til Austlandet går via E-134. Dette vil gje auka trafikk på vegen over fjellet, noko som vil gje større trykk på dei viktige utbetringane som må gjerast der.

Samtidig er det viktig for regionen at planar om dette prosjektet **ikkje** må føra til at dei andre viktige prosjekta våre stoppar opp eller blir prioritert nedover i framtidige NTP-ar. Regionen må vera trygge på at

gjennomføring av Hordfast og Bokn-Bømlafjorden på E-39, samt Seljestad-Vågslid og Bakka-Solheim på E-134, ikkje må bli lågare prioritert grunna ein ny arm til Bergen.

Framlegg til høyringsuttale kunne då vera slik:

Regionrådet for Haugalandet, som består av ordførar og kommunedirektørar i 10 kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordaland, gir følgjande høyringsuttale:

Regionrådet har i utgangspunktet ikkje sterke meiningar om konseptvalet, men stiller seg bak vurderinga til Statens vegvesen. Dette gjer regionrådet sjølv om me ser at alternativ 4 og 5 kunne gitt delar av regionen kortare reisetid til Bergen.

Regionrådet legg likevel sterk vekt på at dette prosjektet må finna seg i å stilla bak i køen når det gjeld andre planlagde vegprosjekt i denne delen av landet. For oss er det avgjerande viktig at trykket framleis blir halde oppe på desse fem vegprosjekta:

- *Hordfast og Bokn-Bømlafjorden på E-39*
- *Seljestad – Vågslid og Bakka-Solheim på E-134.*
- *Rassikring på R-13*

Rekkefølga framover må vera at desse fem prosjekta blir detaljplanlagt og etter kvart får investeringsmidlar til oppstart. Arm til Bergen kan starta med detaljplanlegging av nokre av prosjekta, til dømes Oddadalen og Tokagjelet, men investeringsmidlane til totalprosjektet må koma etter at desse andre fem er starta opp med bygging.